

A man with short hair, wearing a dark, long coat and dark pants, stands in a field of tall, dry grass. He is holding a violin and a bow, looking towards the camera. The background is a dense forest of evergreen trees. The overall mood is somber and artistic.

Kjoskrullen

# OTTAR KÅSA

# JON KJOS

Jon Kjos (1756–1826) er av dei absolutt fyrste storspelemenn me kjenner frå Telemark, og han står som ein av dei mest sentrale skikkelsane i hardingfeletradisjonen i det heile. Han har utan tvil vore ein av dei som har utvikla slåttemusikken til ein rikare og meir innfløkt musikk, og i tillegg har han vore viktig som læremeister for den generasjonen spelemenn som kom etter han, og som førde felespelet i Telemark inn i den blomstringstida som kom utover 1800-talet. Han stod ikkje åleine i dette musikalske landskapet, men tradisjonen bakanfor Jon Kjos er lite kjend. Med denne cd-utgjevinga håpar eg å kunne vise fram noko av den rikdommen Jon Kjos har etterlete seg som stilskapar og slåttediktar på hardingfela.

Jon Kjos vart døypt i august 1756, og såleis er dette truleg også fødselsåret. Han vaks opp på Kvammen, ein fjellgard øvst i Åmotsdal, og foreldra hans var Knut Torsson Hardang og Aslaug Jonsdotter Svinjom. Familien vaks seg etterkvart stor; Jon var ein av 14 sysken, men minst ein av dei døydde som spedbarn. I 1792, då Jon var 36 år gamal, gifta han seg med Tone Knutsdotter Skuldalen, og flytta til Uppigard Åmodt, ein plass litt lengre ned i bygda. Men i 1803 kjøpte han fjellgarden Kjos, og blei buande her til han døydde i 1826, 70 år gamal. Etter som skikken var å ta namn etter plassen ein budde på, er han difor kjend både som Jon Kjos og Jon Kvammen. I Tinn, der han ofte var på spelferd, fekk han i tillegg det klingande vednamnet Jon Vestafe.

Jon Kjos levde i ei tid der fela hadde ein heilt annan plass i samfunnet enn idag. Det var få andre musikkinstrument på bygdane i Telemark på denne tid, og fela fekk etterkvart stor sosial og symbolsk samlingskraft. Jon Kjos var såkalla «forpaktarspelemann» og hadde med det fått kongelege rettigheter til å stå for naudsynt musikk i ulike samanhengar, som til dømes bryllaupsspeleing. Han hadde såleis ei viktig rolle i bygdesamfunnet, som ansvarleg for mykje av den kulturelle livspulsen i bygda.

Om ein skal prøve å gjera seg ei oppfatning om korleis det lèt når Jon sjølv spela, må ein ta i betraktning at hardingfela var eit litt annleis instrument på Jon Kjos si tid. Ein må gå ut frå at ein storspelemann som Jon Kjos kunne få tak i det beste som var av feler i samtida, og difor er det truleg at han bruka både Trond Botnen-feler og Karl Rue-feler, som er den fyrste kjende felemakaren me har i Telemark. Desse instrumenta er noko mindre, ofte høgt kvelva og med ein nokså annleis akustikk enn dei moderne felene som kom seinare på 1800-talet. Ikkje berre felene, men også bogane var annleis; dei var mykje kortare, og var bøygde motsatt veg. Alt dette vil naturleg nok påverke spelestilen mykje. Felene frå Jon Kjos si tid er ofte raske og kontante, men også litt «tørrare» og svakare. Ein kan nok tenkje seg at dette, saman med den kortare og lettare bogen, blant anna vil kunne føre til ein raskare framdrift i slåtten, og spelet hans skulle nettopp ha ein veldig lett og god rytme: «Om spelet hans er å segja at

han var umåteleg lett og god i takten, so her hev vel ikkje funnist nokon annan enn Knut Lurås, som var så lett og jamn med boge og fingar», skreiv Rikard Berge.

Av dei som lærde av Jon Kjos har me fleire av dei fremste i Telemark utover på 1800-talet; mellom dei mest kjende er Øystein Langedrag, Myllarguten og Håvard Gibø. Det er tydeleg at Kjos vart sett høgt av desse læregutane. Då Myllarguten var på gjeting i Åmotsdal som liten gut, heldt han seg fyrst hjå naboen til Jon, Åne Kvannbekk, som kanskje var det ein kan kalle ein «raklespelemann». Men han kom etterkvart i kontakt med Jon Kjos, som han hadde høyrte skulle vera så god til å spela. Ei spesiell hending syner kanskje noko av Jon Kjos' milde og rause natur: Myllarguten hadde nok stor respekt for den gamle meistaren, og han torde difor ikkje å spela så Jon høyrde det. Men ein gong kom Jon Kjos heim litt uventa, og då hadde Myllarguten gøynd seg bort og sat og spela på loftet saman med gutane til Jon Kjos. Jon ville vita kven det var som spela så godt, og noko skamfull måtte Myllaren innrømme at det var han som hadde lånt fela. Jon Kjos roa han fort ned: «Ja, du tar'kje vera ræddè, fai min. Du må taka i fela jamlegare, du», sa han. Han skjøna nok tidleg kva som budde i den vesle, forsiktige guten, og etter dette fekk Myllarguten lære så mykje han ville. «Dæ va hèn ti gut! Han vi'ti forgange meg!» sa Jon Kjos spøkefullt, og skjøna nok at spelet hans her var i gode hendar.

Ettersom Jon Kjos fekk så dyktige lære-

gutar har mange av Kjoselåttane nett opp blitt tileigna desse spelemennene. Kven som opprinneleg laga slåttane, og kven som har bygd dei ut, kan ofte vera vanskeleg å vita med dette gamle slåttematerialet. Alle spelemenn set sitt stempel på både form og spelemåte i dei slåttane dei framfører, og slåttane til Jon Kjos har slik sett blitt slipa og forma gjennom generasjonar. Sume spelemenn set så djupe avtrykk at dei opprinnelege spora nesten blir borte, og det kan difor vera vanskeleg å spore slåttens opphavlege «arvestoff»; slåttane lever på mange måtar sine egne liv, og blir omskapt i pakt med tid og stad.

Det seiast at Jon Kjos sette ihop mindre slåttestubbar til større slåttar, men ein finn også enklare slåttestubbar i slåtteutvalet etter Jon Kjos. Det er sjølv sagt vanskeleg å seie akkurat korleis Jon sjølv spela desse slåttane, og kva som eventuelt er tilført eller tatt bort seinare. Det er i og for seg eit teikn på naturleg liv at musikken er i stadig bevegelse og forandring, og at desse slåttane har levd i nærmare 250 år eller meir er i seg sjølv eit kvalitetsmerke. Kjoselåttane ber uansett i seg nokon klare og reinskårne grunndrag eg trur kan vera typisk for Jon Kjos' musikalske smak. Rikard Berge seier at kjoseslåttane alltid stod for Myllarguten som mønster på gamalt godt spel, og Myllarguten sjølv skal ha sagt at Kjoseslåttane skulle vore lagd i gullskrin. Eg håpar du som lyar vil vera samd i det.



# SLÅTTAR

**Kvamshallingen** har eg etter Eivind Mo og Johannes Dahle. Jon Kjos hadde ei syster i Tinn, og var nok mykje i desse trakter på spelferder. Ein gong vart han kritisera for å ikkje spela hallingar, og ut av den fornærminga vaks snart denne fine slåtten. Ei anna historie knytt til denne slåtten går ut på at Jon Kjos ein gong skal ha lagt seg til å sova i ei løe, kanskje på veg heimatt frå spelferd. Då drøynde han at det kom ein svartkledd mann inn til han og spela denne slåtten.

**Springar etter Jon Kjos** er ei lita perle. Han liknar litt på ein annan kjosespringar som idag blir kalla «Frå morgon til kveld» i enkelte delar, men er elles ein annan slått. Han går for å vera ein ekte kjoseslått, og eg har han i form etter Eivind Mo. I Tinn heiter han Tov Bøle, etter ein spelemann derifrå.

**Søllidkrokkan** er ein slått som finst i utallige variantar både i Telemark og på Vestlandet. Av andre kjende namn er Guro Heddelid, Kjømbergen og Rekveen. Garden Søllid ligg ikkje langt frå Kjos, og namnet Søllidkrokkan har tilknytning til området rundt denne staden. Nøyaktig kvar staden «Søllidkrokkan» ligg er det derimot ulike forklaringar på: Sume seier det er eit myrdrag nordanfor den såkalla dansarsteinen som heiter Sollidkrokann. Ei anna forklaring er at det er namnet på området mellom Kjos og Søllid; eit flatt lende der det buktar seg fram ei elv. Forma er iallefall etter Eivind Mo, som også tidvis kalla slåtten «Kjosekrokkan».

**Kvamsvogga:** Denne springaren fekk namnet sitt då Jon var heime for å passe minstebånet. Kona til Jon hadde reist til kyrkja, og minstebånet vart uroleg. Han spela difor denne slåtten medan han rugga på vogga for å prøve å trøyste bånet. Slåtten har også blitt kalla «Smågutspringar», og det finst tre ulike slike «smågutslåttar». Dei vart nærmast rekna som spelemannsprøver; ein var ein smågut på fela om ein ikkje meistra desse slåttenane. Slik eg spelar slåtten her, er han hovudsakleg etter Eivind Mo, som spela han nokså fritt etter Høye Kvåle.

**Kjoshjassen** er ein velkjend gangar etter Jon Kjos som nok er betre kjend under namnet Floketjønne, då i form etter Håvard Gibø. Eg spelar han her i form etter Knut Dahle, som kalla han Jon Vestafe.

**Bossboen** er ein liten springar som har namn etter ein gard på Møsstrand. Bror til Jon, Tor, gifta seg nemleg til Bossboen, og vart buande her. Tor var ein stor og kraftig kar, og lika særst godt å danse til denne litt seige springaren, og den måtte då gå spesielt seint. Det heitest elles at Tor Bossbo hadde den noko spesielle vanen å gå berrføtt både sommar og vinter. Eg har lært slåtten av Olav Lofthus.

**Systergangar** er ein av slåttenane i slåttesyklusen som ofte blir kalla «Systerslåttane» eller «Kivlemøyane» på såkalla understemt (f-c-a-e). Dette er gamle slåttar som kan ha vore spela i sambundne slåttesyklusar, og mykje truleg kunne dette ha vore spela i samband

med eldre seremoniar me ikkje kjenner til idag. Det finst kivlemøyslåttar på tre ulike stille; trollstilt (a-e-a-ciss), nedstilters og bas (g-c-a-e) og understilt (f-c-a-e). Ofte vert desse slåttenane førd tilbake til Tov Kristiansson (f. ca 1750) og Gunnar Grjotnes (1748–1804), dei eldste spelemenn me kjenner til i Vest-Telemark, men slåttenane er nok mykje truleg også eldre enn desse. Dei var begge såvidt eldre enn Jon Kjos.

Spelemannen Tarjei Tvigyyva frå Lårdal skal ha sagt at Jon Kjos spela Kivlemøyane så vent, og ein må gå ut ifrå at Jon Kjos spela fleire av desse ulike «Systerslåttane». Eg har berre tatt med ein av desse slåttenane her, sjølv om dei altså finst i ei rekkje ulike versjonar. Denne gangaren er nokså fritt framført, på grunnlag av Høye Kvåle og Eivind Mo sine former.

**Frå morgon te kveld** er opphavleg etter Jon Kjos, sjølv om slåttenamnet er av nyare dato. Ein gong då Haugerud var hjå Knut Dahle for å lære slåttar og spel, blei dei sitjande og spela denne fengande, gode slåtten heile dagen, og difor blei det naturleg å kalle han nettopp «Frå morgon til kveld» etter dette. Av andre namn som er brukt kan ein her nemne «Hålehåven».

**Skuldalsbruri** er av dei aller mest kjende slåttenane etter Jon Kjos. Det er ein særdeles velforma, rik slått med innhaldsrike, forteljande tak og vendingar. Den forma eg spelar her er hovudsakleg etter Torkjell Haugerud, som skulle ha han etter Knut Dahle. Han igjen lærde

han av Håvard Gibøen, som nok hadde lært han direkte av Jon Kjos.

Skuldalen ligg ikkje langt frå Kjos, og såleis har historia om Skuldalsbruri sterke røtar i Kjos' nærrområde. Bak slåtten Skuldalsbruri ligg det fleire ulike historiar. Den mest kjende saga handlar om ho som heitte anten Tone eller Signe Skuldalen. Ho vart tvinga til å gifte seg med ein rik og velhalden kar, medan ho eigentleg ville ha naboguten og spelemannen Eivind Grøvi. Dette gjekk så gale at den ulukkelege brura gjekk bort i elva og drukna seg midt i bryllaupet. Slåtten Skuldalsbruri skulle vera ein av slåttenane Eivind Grøvi spela mykje, og før brura forsvann gjekk ho og tulla på denne såre slåtten.

Ei anna soge gjev eit inntrykk av Skuldalsbruri som ei særdeles stolt og frimodig kvinne. Det heittest mellom anna at ho tok med seg hesten inn i kyrkja og helsa folk på denne måten: «Å guddag du i den båsen! Å guddag du i den båsen!» Og så såg ho opp på prekestolen: «Å guddag Ivar i dæ store skåpet!» Ho eigde ikkje folkeskikk, blei det sagt.

Det kan kanskje tyde på at det her er snakk om to ulike historiske personar, og kven av desse som har gitt opphavet til slåttenamnet er idag noko usikkert. Men denne uvissa kan då også gje eit stort rom for tolking i framføringa av slåtten, då slåtten sjølv på mange måtar ber i seg både desse personlegdomane; både det sterke og det såre, melankolske.

**Springar etter Eilev Smedal** er ein enkel springar som ofte vert kalla Springar etter Håvard Gibøen. Av variantar finst «Månekåsen» og håvardslåtten «Sørgjefuen», den sistnemnde i Dahletradisjon. Einar Løndal meinte dette var ein Kjoselått som hadde gått gjennom Håwards hendar, noko som er sannsynleg. Eg lærde slåtten av Olav Lofthus, og han hadde han nok etter Eivind Mo.

**Helg** er ein høgtidsstemt gangar etter Jon Kjos. Han vert idag ofte rekna som ein gangar etter Håvard Gibøen, men han er likevel i sikker tradisjon etter Jon Kjos. Namnet Helg har kome i nyare tid, og er påsett av Eivind Groven og Johannes Dahle. Torkjell Haugerud meinte at nokre tak på grannstrengane kunne minne om klokkeklang, og at Jon Kjos hadde dikta fram denne slåtten ein gong han hadde sete langt inne på heia, og ikkje kom seg til messe i kyrkja. Forma eg spelar her liknar Johannes Dahle sin versjon.

**Undelåna** er opphavleg ein kjoseslått som har fått namnet sitt knytt til Håvard Gibø. Undelåna var ein plass under Nistugu Eikja i Bø, der Mari, kona til Håvard, var fødd. Ein annan versjon av denne slåtten vert kalla Trosaviken, noko som er knytt til brorson til Jon Kjos, som stelte seg ein stad ved Breivatn kalla Trosavik. Forma eg spelar her skal ha gått gjennom Håvard Gibø, og eg har han i form etter Eivind Mo. Han hadde lært slåtten av Olav Dagalid på Møsstrand, og han igjen av Kjetil Håvardsson.

**Kjosegangaren:** Dette er ein slått som finst i ei rekkje variantar, mellom dei er «Va det ikkje du som leika med Guro», blant mange andre. Denne forma er etter Eivind Mo.

**Jon Vestafe**, springar etter Jon Kjos. Denne vart gjort kjend også utanom hardingfelekretsar då Johan Halvorsen skreiv opp denne slåtten etter Knut Dahle, slik at Edvard Grieg skulle kunne arrangere han for piano. Eg spelar slåtten i form etter Johannes Dahle.

**Jon Vestafe 2** er ein nokså enkel, men fint utforma springar etter Jon Kjos. Det var Torkjell Haugerud som sette dette namnet på han, og han er elles kjend som Springar etter Jon Kjos i Tinn. Nokre av motiva i denne slåtten finn ein også i andre slåttar, som blant anna Igleitveiten. Eg spelar han her i ei form etter Eivind Mo.

**Jonsliden** er ein liten gangar med namn etter ein kjend kjempekar frå Seljord. Ifylge slåttestevet til slåtten skulle han ha slik ein enorm matlyst; *«spring ned i bygde etter fem leivar braud, så fær no vel Jonsliden åbiten (frukosten) au.»* Forma eg spelar her er slik Terje Christian Hansen spelar han, og han hadde slåtten etter Bergit Tjønn frå Tuddal.

**Springar etter Jon Kjos** finst i to hovudformer, ei frå Vest-Telemark og ei frå Tinn, og tinndølsforma ber det klingande namnet «Ein god lått». Den versjonen eg spelar her er ei blanding av Eivind Mo og Torkjell Haugerud sine former.

**Kvamsspringaren** er ein særmerkt springar etter Jon Kjos. Han blir også kalla Trasjen, Eskvammen eller Likferdslåtten, og ber preg av å ha to litt ulike stemningar i seg. Medan han startar litt dystert og tungt, går han etterkvart over i ein livlig springar. Eg lærde slåtten fyrst av Terje Chr. Hansen, og spelar han her litt fritt med ulike variasjonar henta frå mellom andre Olav og Einar Løndal.

**Kjoskrullen** er av det eldste slåttestoffet me har i Telemark, mykje truleg også eldre enn Jon Kjos sjølv. Denne nedstemte gangaren ber på ei særeigen ro og ein melankolsk undertone, og går elles under namn som Soterøen, Fillevern, Gangar etter Øystein Langedrag, Siri Rukaren og Nordmannklubben. Eg spelar han her i ei form etter Trygve K. Vågen, som i sin tur hadde han etter far sin, Kjetil Vågen.

**Kjelder:**  
Spelemannen Jon Kjos; Trygve K Vågen. Tonearv 2006.  
Myllarguten/ Gibøen; Rikard Berge, Fylkesmuseet for Telemark og Grenland, faksimileopptrykk 1998.  
Høyrer du Tårån, Meisterspelemannen Torkjell Haugerud; Asbjørn Storesund, Buen kulturverkstad 1995  
Elles diverse munnlege kjelder.

Opptak: Anders E. Røine  
Mastering: Fridtjof Lindemann Strype  
Audio  
Foto: Anders E. Røine  
Grafisk design: Eva Karlsson  
Produsert av Anders Røine og Ottar Kåsa

Takk til Lars Erik Skjøtskift Øygarden og Trygve K Vågen for gode svar på spørsmål om slåttar og anna knytt til Jon Kjos.  
Takk til Per Anders Buen Garnås for gode utfyllande kunnskapar i samband med denne utgjevinga.  
Takk også til Jon Olav og Marit Hauge-tuft for fri tilgang til Kjos i samband med fotografering.



# JON KJOS

Jon Kjos (1756–1826) is one of the very earliest master fiddlers we know of in Telemark, and he is one of the most central figures in the Hardanger fiddle tradition on the whole. He was undoubtedly one of the fiddlers who developed traditional Hardanger fiddle music into a richer and more complex music, and he was also an important teacher for the generation of fiddlers who succeeded him, and who brought fiddle playing in Telemark into the golden age which took place during the 1800s. He did not stand alone in this musical landscape, but the tradition behind Jon Kjos is relatively unexplored. With this recording, I hope to be able to reveal some of the treasure Jon Kjos left behind, both as a style creator and as a tune composer on the Hardanger fiddle.

Jon Kjos was baptized in August 1756, and this is probably also the year of his birth. He grew up on Kvammen, a mountain farm high up in Åmotsdal, and his parents were Knut Torsson Hardang and Aslaug Jonsdotter Svinjom. The family gradually grew to be quite large; Jon was one of 14 siblings, but at least one of the children died in infancy. In 1792, when Jon was 36 years old, he married Tone Knutsdotter Skuldalen and moved to Uppigard Åmodt, a tenant farm a little further down in the district. But in 1803 he bought the mountain farm Kjos, and lived here until he died in 1826, at the age of 70. Since the custom was to adopt the name of the place one lived as one's surname, he was therefore known as both Jon Kjos and Jon Kvammen. In

Tinn, where he often travelled on fiddling trips, he was also given the nickname Jon Vestafe.

Jon Kjos lived during a period when the fiddle had a completely different place in society than it does today. There were few other musical instruments in the rural districts in Telemark at this time, and the fiddle gradually acquired great social and symbolic significance. Jon Kjos was a so-called “concessionaire fiddler” and as such had been given royal rights to provide the necessary music in different contexts, such as playing at weddings. Accordingly, he had an important role in the rural community, as he was responsible for a great deal of the cultural activity in the district.

If one aims to understand how it might have sounded when Jon played, one must take into account that the Hardanger fiddle was a somewhat different instrument during Jon Kjos's lifetime. One must assume that a great fiddler like Jon Kjos could get hold of the best fiddles that could be found at the time, so it is therefore likely that he played both Trond Botnen fiddles and Karl Rue fiddles, who was the first known fiddle maker in Telemark. These instruments are somewhat smaller, often with high arching and with quite different acoustics than the modern fiddles which appeared later on in the 19th century. In addition to the fiddles, the bows were also different; they were much shorter, and had an outward bend. Needless to say, all of these factors influence the playing style a great deal.

The fiddles from Jon Kjos's era are often quick and clear, but are also a little “drier” and weaker. One can imagine that this, in combination with the shorter and lighter bow, might give the tunes a faster drive, and he did apparently have very light, good rhythm: “With regard to his playing, it can be said that his rhythm was extremely light and good. There has not been anyone else like this, other than Knut Lurås, whose bow and fingers were so light and steady”, writes Rikard Berge.

Among those who learned from Jon Kjos were several of the foremost fiddlers in Telemark during the 1800s; the most well-known of these were Øystein Lange-drag, Myllarguten, and Håvard Gibø. It is clear that Kjos was highly regarded by these students. When Myllarguten was herding in Åmotsdal as a little boy, at first he kept company with Jon's neighbour, Åne Kvannbekk, who was what one might call an “unsteady fiddler”. But after some time he came into contact with Jon Kjos, whom he had heard was an excellent fiddler. A particular incident reveals Jon Kjos's gentle and generous nature: Myllarguten had great respect for the old master; therefore, he didn't dare to play when Jon could hear him. But once Jon Kjos came home somewhat unexpectedly, and Myllarguten had hidden away and was sitting playing fiddle in the loft with Jon Kjos's sons. Jon wanted to know who had been playing so well, and Myllarguten had to admit, somewhat ashamed, that it was he who had borrowed the fiddle. Jon

Kjos quickly calmed him down: “You don't need to be afraid, my boy. You should play the fiddle more often”, he said. He understood early on what dwelled in the cautious little boy, and after this, Myllarguten was able to learn as much as he wanted. “He's something of a boy! He's going to surpass me!” Jon Kjos said jokingly, and understood indeed that his music was in good hands.

Because Jon Kjos had such skilled students, many of the Kjos tunes have been dedicated to precisely these fiddlers. With this old tune material, it can often be difficult to know who originally made the tunes, and who refined them. All fiddlers leave their mark on both the form and the playing style in the tunes they play, and Jon Kjos's tunes have been polished and developed over generations. Some fiddlers leave such deep impressions that the original traces are almost gone, and it can therefore be difficult to trace the tune's original “genes”; in many ways, the tunes live their own lives, and are transformed in harmony with one's own time and place.

It is said that Jon Kjos put together smaller tune sections to form larger tunes, but one also finds simpler tunes among the repertoire in tradition after Jon Kjos. Of course, it is difficult to say exactly how Jon played these tunes, and what has been added or subtracted later on. It is a sign of natural life that the music is in constant motion and change, and the fact that these tunes have lived for close to 250 years or more is in itself a sign of quality. In any case, the Kjos

tunes contain some clear and clean-cut basic traits which I believe may be typical of Jon Kjos's musical taste. Rikard Berge states that for Myllarguten, the Kjos tunes always served as models of fine, old fiddling, and Myllarguten himself apparently said that the Kjos tunes should be placed in gold chests. I hope that you, the listener, will agree.

## TUNES

**Kvamshallingen** is a tune I learned after the playing of Eivind Mo and Johannes Dahle. Jon Kjos had a sister in Tinn, and he was often in this area on fiddling trips. Once he was criticized for not playing halling tunes, and this fine tune grew out of that affront. Another story connected to this tune is that Jon Kjos once lay down to sleep in a barn, perhaps on the way home from a fiddling trip. He then dreamt that a man came in, dressed in black, and played this tune.

**Springar etter Jon Kjos** is a little gem. Certain sections of the tune are similar to another Kjos springar that nowadays is called "Frå morgon til kveld", but apart from these sections it is a different tune. The tune has the reputation of being a genuine Kjos tune, and I play it in a form after Eivind Mo. In Tinn it is called "Tov Bøle", after a fiddler who was from there.

**Søllidkrokan** is a tune that can be found in countless variants in both Telemark and western Norway. Some of the well-known names include "Guro Heddelid", "Kjømbergen", and "Rekveen". The Søllid farm does not lie far from Kjos, and the name Søllidkrokan is associated with the area around this spot. On the other hand, there are different explanations of exactly where the place "Søllidkrokan" lies: some say it is a marshy tract north of the so-called "dancer stone" which is called Søllidkrokann. Another explanation is that it is the name of the area between Kjos and Søllid; flat terrain with a river meandering through it. At any rate, the form is after the playing of Eivind Mo, who sometimes called the tune "Kjosekrokan".

**Kvamsvogga:** This springar acquired its name when Jon was at home looking after his youngest child. Jon's wife had gone to church, and the child was upset, so he played this tune while he rocked the cradle to try to comfort the child. The tune has also been called "Smågut-springar", and there are three different "smågut" ("little boy") tunes. They were considered to be difficult fiddle études; if one hadn't mastered these tunes, one was a little boy on the fiddle. The form I play here is mainly after the playing of Eivind Mo, who played it quite freely after Høye Kvåle.

**Kjoshjaseten** is a well-known gangar after Jon Kjos. It is probably better known under the name "Floketjønn", in a form after Håvard Gibø. I play it in a form after the playing of Knut Dahle, who called the tune "Jon Vestafe".

**Bossboen** is a short springar which is named after a farm in Møsstrand. Jon's brother, Tor, married onto the Bossbøen farm and lived there. Tor was a large and powerful man, and he particularly liked to dance to this slightly slow springar, and for him it had to be played very slowly. It is also said that Tor Bossbø had the somewhat peculiar habit of going barefoot both summer and winter. I learned the tune from Olav Lofthus.

**Systergangar** is one of the tunes in the tune cycle which is often called "Systerslåttane" or "Kivlemøyane", played in so-called understemt fiddle tuning (f-c-a-e). These are old tunes which may have been played in bound tune cycles, and could very likely have been played in connection with older ceremonies we are not familiar with today. There are kivlemøy tunes in three different fiddle tunings; trollstilt (a-e-a-c#), nedstilters og bas (g-c-a-e), and understilt (f-c-a-e). These tunes are often connected back to Tov Kristiansson (b. ca. 1750) and Gunnar Grjotnes (1748–1804), the oldest fiddlers we know of in West Telemark, but the tunes are very likely older than these fiddlers. They were both a bit older than Jon Kjos.

Fiddler Tarjei Tvigyyva from Lårdal apparently said that Jon Kjos played "Kivlemøyane" very beautifully, and one must assume that Jon Kjos played several

of the "Systerslåttane". I have only included one of these tunes here, even though they can be found in a number of different versions. I play this gangar quite freely, on the basis of Høye Kvåle's and Eivind Mo's forms.

**Frå morgon te kveld** is originally after Jon Kjos, even though the name of the tune is more recent. One time when Haugerud was visiting Knut Dahle to learn tunes and play, they sat and played this great, catchy tune the entire day, so it was natural to call it "Frå morgon til kveld" ("From morning to evening"). "Hålehåven" is another name for the same tune.

**Skuldalsbruri** is by far one of the most well-known tunes after Jon Kjos. It is a particularly well-formed, rich tune with substantial narrative sections and phrases. The form I play here is mainly after the playing of Torbjørn Haugerud, who probably had the tune after Knut Dahle. He in turn learned it from Håvard Gibøen, who had probably learned it directly from Jon Kjos.

Skuldalen is located not far from Kjos, so the story about Skuldalsbruri has strong roots in Kjos's home area. There are several different stories behind the tune "Skuldalsbruri". The most well-known tale is about a woman who was named either Tone or Signe Skuldalen. She was forced to marry a rich and prosperous man, although she really wanted to be with the neighbour boy, fiddler Eivind Grøvi. This went so terribly that the unhappy bride went off to the river and drowned herself in the middle of the wedding. The tune "Skuldalsbruri"





was one of the tunes Eivind Grøvi played often, and before the bride disappeared she had been humming this sad tune.

Another story portrays Skuldalsbruri as a very proud and outspoken woman. Among other things, it was said that she brought a horse into the church and greeted people by saying; “Oh, good day to you in that stall! Oh, good day, you in that stall!” And then she looked up at the pulpit and said: “Oh, good day, Ivar, in that big cabinet!” It was said that she didn’t have any manners.

This may indicate that we are dealing with two different historical figures, and today it is relatively uncertain which of them served as the origin of the name of the tune. But this uncertainty also provides great room for interpretation in the performance of the tune, since, in many ways, the tune itself contains both of these personalities; both the strong, as well as the sensitive and melancholic.

**Springar etter Eilev Smedal** is a simple springar that is often called “Springar etter Håvard Gibøen”. Variants include “Månekåsen” and the Håvard tune “Sørgjefuen”, the latter in Dahle tradition. Einar Løndal thought this was a Kjos tune that had passed through Håvard’s hands, which is likely. I learned the tune from Olav Lofthus, and he probably had it after the playing of Eivind Mo.

**Helg** is a solemn gangar in tradition after Jon Kjos. Today it is often considered to be a gangar after Håvard Gibøen; nevertheless, it is definitely in tradition after Jon Kjos. The name “Helg” came in recent times and was devised by Eivind Groven and Johannes Dahle. Torkjell

Haugerud thought that some of the sections on the A and E strings were reminiscent of the sound of bells, and that Jon Kjos had come up with this tune one time when he sat deep in the hills, and did not reach the church service. The form I play here resembles Johannes Dahle’s version of the tune.

**Undelåna** is originally a Kjos tune, and its name is connected to Håvard Gibø. Undelåna was a tenant farm under Nistugu Eikja in Bø, where Mari, Håvard’s wife, was born. Another version of this tune is called “Trosaviken”, which is linked to Jon Kjos’s nephew, who fixed himself up a place called Trosavik by the Breivatn lake. The form I play here has passed through the hands of Håvard Gibø, and I have the tune in a form after the playing of Eivind Mo. He learned the tune from Olav Dagalid in Møsstrond, and Olav learned it from Kjetil Håvardsson.

**Kjosegangaren:** This is a tune that can be found in a number of variants, including “Va det ikkje du som leika med Guro”. This form is after the playing of Eivind Mo.

**Jon Vestafe**, springar after Jon Kjos. This tune became known outside of Hardanger fiddle circles when Johan Halvorsen transcribed it after the playing of Knut Dahle, so that Edvard Grieg could arrange it for piano. I play the tune in a form after Johannes Dahle.

**Jon Vestafe 2** is a fairly simple, but finely formed springar after Jon Kjos. It was Torkjell Haugerud who gave it this name, and in Tinn it is known as “Sprin-

gar etter Jon Kjos”. One can also find some of the motifs from this tune in other tunes, such as “Igletveiten”. I play it here in a form after the playing of Eivind Mo.

**Jonsliden** is a short gangar named after a well-known, large man from Seljord. According to the song which is based on the tune’s melody, he had an enormous appetite;

*“run down to the village and get five hunks of bread,  
so Jonsliden gets his breakfast too”.*

The form I play here resembles the way Terje Christian Hansen plays it, and he had the tune after Bergit Tjønn from Tuddal.

**Springar etter Jon Kjos** is found in two main forms, one from West Telemark, and one from Tinn. The Tinn form has the lovely name “Ein god lått” (“A good tune”). The version I play here is a combination of Eivind Mo’s and Torkjell Haugerud’s forms.

**Kvamsspringaren** is a distinctive springar after Jon Kjos. It is also called “Trasjen”, “Eskvammen”, or “Likferdslåtten”, and it gives the impression of incorporating two slightly different atmospheres. While it starts out a little gloomy and heavy, it gradually transforms into a lively springar. I first learned the tune from Terje Chr. Hansen, and I play it quite freely, with different variations drawn from Olav and Einar Løndal, among others.

**Kjoskrullen** is one of the oldest tunes we have in Telemark, and is very likely older than Jon Kjos himself. This gangar in nedstemt fiddle tuning has a distinctively calm and a melancholic undertone, and also goes under the names “Soteroen”, “Fillevern”, “Gangar etter Øystein Langedrag”, “Siri Rukaren”, and “Nordmannklubben”. I play a form after Trygve K. Vågen, who in turn learned it from his father, Kjetil Vågen.

Sources:

Spelemannen Jon Kjos; Trygve K Vågen. Tonearv 2006.

Myllarguten/ Gibøen; Rikard Berge, Fylkesmuseet for Telemark og Grenland, faksimileopptrykk 1998.

Høyrer du Tårån, Meisterspelemannen Torkjell Haugerud; Asbjørn Storesund, Buen kulturverkstad 1995.

Various oral sources.

Recording: Anders E. Røine

Mastering: Fridtjof Lindemann Strype  
Audio

Photos: Anders E. Røine

Graphic Design: Eva Karlsson

Produced by Anders Røine and Ottar Kåsa

1. **Kvamshallingen** 2.40
2. **Springar etter Jon Kjos** 2.00
3. **Søllidkrokan** 2.49
4. **Kvamsvogga** 2.33
5. **Kjoshjassen** 2.43
6. **Bossbøen** 2.23
7. **Systergangar** 2.43
8. **Frå morgon te kveld** 3.14
9. **Skuldalsbruri** 2.38
10. **Springar etter Eilev Smedal** 2.24
11. **Helg** 2.53
12. **Undelåna** 2.47
13. **Kjosegangaren** 3.11
14. **Jon Vestafe** 2.24
15. **Jon Vestafe 2** 2.44
16. **Jonsliden** 2.06
17. **Springar etter Jon Kjos** 3.34
18. **Kvamsspringaren** 3.20
19. **Kjoskrullen** 3.18